

Møtereferat

Dato: 28.11.2018

Emne:	Referat Strategisk planprogram for Laksevåg - Regionalt planforum	
Til stades:	Bergen kommune: Mette Svanes ,Ingun Renolen, Kjell Åge Matre, Christian Hjelle, Heidi Saua, SVV : Marian Dagfrid Barsnes, Hilde Kalleklev, Mattilsynet : Harald Nordås, Husbanken: Sverre Høyenes Fylkesmannen: Torgeir Flo, Svein Kornerud, Kystverket: Lene.Mathisen, KIRU: Kjell Gitton Håland, Hordaland Fylkeskommune: Eva Katrine Taule, Sigrid Bjercke, Liz Eva Tøllefsen, Andreas Ask, Vidar Totland, Endre Sten Nilsen, Gunhild Raddum	
Forfall:		Sak: 2014/13624-129
Møtetid:	28.11.2018	Møtestad: Nordhordland møterom fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule**Referent:** Sigrid Bjercke**Velkomen**

Eva Katrine Taule, fagleiar kommunal plan, ønsker velkomen til planforum. Strategisk planprogram for Laksevåg er ei interessant og spanande satsing av Bergen kommune. Planprogrammet som er lagt ut på høyring skil seg frå andre kommunale planarbeid, og det kan vere til nytte å få ei felles presentasjon i dette tilfelle. Normalt ynskjer vi å få planane i planforum før dei vert lagt ut på høyring. Planprogrammet har også vore i planforum ved oppstart.

Presentasjon ved Bergen kommune – (BK)

Mette Svanes, direktør for byutvikling, innleier med at Bergen kommune ynskjer å arbeide meir målretta og strategisk med utvikling av Laksevåg. Kommunen har sett behov for planverktøy som er meir overordna enn ei områderegeringsplan, og med større fokus på gjennomføringsaspektet. Planprogrammet skal legge føringar for vidare planar i området og skal kunne nyttas som strategisk verktøy også for andre fagavdelingar i kommunen. Det er eit bevist val å ikkje trekke med for mange juridiske detaljer. Med Strategisk planprogram for Laksevåg ynskjer kommunen å prøve ut nye verktøy. Svanes håper planforum liker det.

Ingun Renolen presenterte planarbeidet. Bakgrunnen for satsinga er å legge til rette for kompakt sentrumsutvikling. I samband med ny KPS vart det lagt nye føringar for at indre Laksevåg vart inkludert i utvida sentrum i strategisk plankart som vart lagt til grunn for KPA. Det indikerer fleire bebuarar, arbeidsplassar og større idretts- og kulturtilbod. Det vart også behov for å rydde opp i utdaterte reguleringsplaner. Det er store levekårutfordringar i bydelen og det ligg føre mange utbyggingsplaner i området som bør sjåast i samheng. Det vert lagt opp til ei trinnvis utvikling i byggetrinn 1,2, 3 og 4, med transformasjon av dagens industriområder og utfylling i sjø. Mål om auka attraktivitet og betre tilrettelegging for ferdsel på langs og på tvers, gradvis utbygging av skole- og barnehagekapasitet, gang- og sykkelveger og kollektivtilbod.

Planprogrammet er strukturert i tre delar. Del 1 Planprogram jf PBL §12-9, Del 2 Strategi for byutvikling og Del 3 Strategi for gjennomføring med forutsigbarhetsvedtak jf PBL §17-2

Vi viser vidare til plandokumenta for meir om innhald og prosess.

Innspelsrunde

På spørsmål presiserer BK at de med det strategiske planprogrammet ønsker å ta diskusjon om mulige utviklingsgrep lenger fram enn det som er vist i gjeldande og pågåande planar. Forutsigbarhetsvedtak etter §17-2 i PBL kan truleg ikkje leggje føringar for byggetrinn 3 og 4.

På spørsmål vart skildring av områdesatsinga utdjupa. Områdesatsinga har etablert seg med kontor i Laksevåg. Ein gruppe arbeider med fysiske tiltak, og ein gruppe med omdømme og oppvekst. Dei har mellom anna gjennomført kartlegging av barnetråkk. Ein ressursgruppa møter gjennom året og denne har vore ei viktig referansegruppe for strategiarbeidet.

På spørsmål om departementet, KMD si haldning til arbeidet, har det vore noe kontakt. Det er mellom anna på gang samarbeid med Oslo kommune om evaluering av erfaringane med VPOR der departementet deltok, (VPOR - veiledende plan for offentlige rom)

Transport

FV 582 er hovudtransportåre, og vanskeleg å endre pga etablerte strukturar tett på. SVV er opptatt av at Indre Laksevåg i dag har ein samansett veg og byggestructur som kjenneteiknar 10-minuttersbyen. For å nå 0-vekstmål knytt til personbiltrafikk, bør det difor ikkje opnast for å etablere fleire parkeringsplassar, men leggje vekt på å lage felles p-anlegg for bilane som opptar areal i de smale gatene til parkering. Dette vil gi betre framkome for sykkel, og trygge dei gåande.

Samferdselavdelinga i HFK viser til at etablering av trolleybuss vil krevje noko meir areal og dette vil kunne skape større konflikt mellom kollektiv og sykkel i ein allereie trong situasjon. Sykkelvegprosjektet i det strategiske planprogrammet må sjå dette i samanheng og vurdere andre trasear. Ofte erfarer vi at kollektiv ikkje vert prioritert, dette skapar konsekvensar framkome og frekvens for busstilbodet. Kollektiv må difor få fortrinn i Kringsjøveien.

BK - Ny G/S- bru over Puddefjorden er ein føresetnad for at bydelen skal kunne ha tilstrekkeleg nytte av nærleik til sentrum. Dette er eit tiltak som vil bli prioritert tidleg, det same bør gjelde sykkeltrase fram til brua. Illustrasjonskartet kan vere tydeligare på denne samanhengen.

Trafikkanalyse til planprogrammet er grovmaske. Kommunen legg til grunn at dei førebels nyttar eksisterande vegsystem, og legg særleg vekt på tilkomst til næringsområdar ved sjø, som har tilkomst via kommunal veg. BK har vurdert å stenge for gjennomkjøring, og lede trafikk via Nygård og tunnel til Puddefjordsbroen. På denne måten kan buss, sykkel og gange få konkurransefortrinn, framfor bil. Det står att trong for vidare analyser for om dette er mulig. Bl.a. vil KDP for kollektivtransport mot vest, bli lagt til grunn for val av løysinger. I samband med dette arbeidet er det mellom anna laga ein trafikkmodell for heile BK sentrum. Denne skal bli lagt ut på høyring ein gong i vinter.

HFK – samferdsel viser til at det er positivt med ei utvikling med gang og sykkelavstand til sentrum. Området ved Nygård har ikkje same gunstige lokalisering med omsyn til sykkel og gange, men har særleg god kollektivdekking både via Laksevåg og gjennom tunnelen. Dagens kollektivsystem gir god dekning i planområdet, og det er kapasitet til meir. Det vil vere viktig å finne grensesnitt på kor stor passasjerauke eksisterande kollektivtilbod kan tene, før det vil utløyse krav om eit utvida tilbod t.d. bybane. Dette bør vere styrande for dei ulike byggetrinna.

Kystverket- deler uro knytt til samanblanding av bustader og hamneføremål. Viser til at det vil vere ein premiss at hamneføremål må vekke, for at kommunen skal kunne utvikle Laksevåg slik som det er vist i planprogrammet. *Bergen havn*, har meir detaljkunnskap om dette og bør koplase til det vidare planarbeidet.

BK - Høgde på ny bru vil ha verknad for hamnedrift, men skal vere plassert slik at det ikkje er i vesentleg konflikt med fortsatt hamneaktivitet, nord for G/S brua. Kollektivbru er først aktuelt etter hamn er flytta.

Ein verknad av det strategiske planprogrammet har vore å sjekke ut haldningar i næringa til ei transformasjon av dei tidlegare meir sjøretta næringane. Kommunen har erfart at det ikkje har vore vesentleg protestar frå næringa om den bymessige utviklinga som det vert lagt opp til. Dei erfarer at det er redusert behov for kaiar. Kommunen vurderer om det er mogeleg å samlokalisere kaiar for å kunne gi rom for t.d. gange og sykkel nærmare byen.

Invest in Bergen - Det strategiske planprogrammet bør gjere ytterlegare undersøkingar om strategisk plassering og bruk av kaiareal for framtida. Sjølv om det ikkje er interesser som etterspør dei i dag, kan det vere potensiale for anna bruk. Kor skal ein lokalisere sjørelatert næring som har behov for sentral plassering, Ågotnes er ikkje eit alternativ. Marknadsmekanismar skapar flyttebehov. Dette kan vere både i samsvar med kommunen sin ønska utvikling, og det kan ha verknad på tvers av desse.

BK - Det strategiske planprogrammet vart ferdigstilt frå fagavdelinga før høyring av KPA og oppstart av strategisk plan for strandsonen(Sjøfrontprosjektet). Planane er difor ikkje tilstrekkeleg samkøyrte, men det vil vere del av det vidare arbeidet. Framdriftsplan i planarbeidet viser mogeleg framdrift. Ein må likevel ta høgde for når saka vert gitt prioritet i byrådsavdelinga.

Kjell Haaland, nestleiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling, ga kommunen honnør for ei modig satsing og eit spanande arbeidsform. Han trakk særleg fram folkehelseperspektivet som vert løfta på ei god måte, der Holenstien vil vere eit særleg positivt tiltak. Han peika også på Bybanen som eit viktig tiltak for å nå mål om vidare utvikling i Laksevåg.

Fylkesmannen - Det er ulikt fortettingspotensiale i dei ulike delområda. Størst potensiale er det i transformasjonsområda dette bør prioriterast før utfylling i sjø.

BK - Då kommunen starta planarbeidet vart det lagt opp til lagt større tilflytting i scenario for byvekst enn det som er situasjonen i dag. På denne bakgrunn er det betre tid til å få fram de beste løysingane med omsyn til ei gradvis utvikling.

Kulturminne

Bergen er ein hamneby som representerer 300 år historie, Det er viktig å minne om at sjø også er eit kulturminnemiljø. I planarbeidet må det leggest vekt på perspektivet der ein ser utanfrå og inn. Riksantikvaren løfter særleg frå vern av kulturminne knytt til verftsindustri som satsing. På denne bakgrunn bør kommunen vere særleg merksam i samband med planarbeid som har verknad for desse kulturminna, då dei er av nasjonal interesse.

Byliv

HFk - planstrategien legg opp til at Laksevåg senter skal utviklas meir bymessig, klyngenæring og kontor skal erstatte verftsindustri. Med omsyn til å legge til byliv og møteplasser er dei store byromma på plass, men vi saknar at planprogrammet også viser ei haldning til at det skal etablerast eit byromsnettverk av små og store byrom. Det vil vere behov for å spesifisere korleis byrom skal være med å gjere bydelen til eit atraktivt sted å leve å bu i.

BK - viser til at planprogrammet ikkje er dekkande med omsyn til desse kvalitetane, men viser til KPA 2018, der det er stilt krav om stadanalyse som skal sjå større tiltak og planarbeid i samheng med byromsstruktur. I KPA er det også krav om grønstruktur, bekkeløp m.m. Kommunen legg vekt på at det meste som skal skje på Laksevåg skal vere underlagt prosessar etter PBL, og det vil slik vere mogeleg å sikre dei kvalitetane som her vert etterspurt.

Sosial infrastruktur

HFK - Det er positivt at innbyggjarar er tatt inn i planprosessen. Dette bør halde fram i den vidare bearbeidinga av planprogrammet. Det er lagt vekt på å legge til rette for aktivitetmuligheit, for å skape liv mellom husa og mangfald og trivsel. Satsing på barnefamiljar er synleg mellom anna med nye skular, men vi saknar ei tydelegare strategi for barnehagdekking. Laksevåg skårar lågt i levekårsundersøkinga, det er difor positivt med tiltak knytt til opplevd tryggleik, med å legge til rette for gode møteplassar, lyssetting og trygge vegar.

BK - viser til at dei erfarer at det er lettare å få til etablering av barnehagar i samband med nye byggjeprojektet, føremålet er difor ikkje lokalisert i denne fasen.

Husbanken - viser til at dei har virkemidlar for at vanskeligstilte kan komme inn i bustad. I det vidare vil det vere viktig at kommunen nyttar eit sett av virkemiddel for å sikre ei sosial miks og legge vekt på fortykning og ikkje fortetting når det gjeld sosial busetting. Det er særleg positivt at det strategiske planprogrammet også kan gi føringar for andre byrådsavdelingar i større grad enn ein plan etter PBL. Bergen kommune viser også til eit boligbyggeprogram, som er starta opp som skal sjåast i samanheng med det strategiske planprogrammet.

Juridisk

Fylkesmannen - vurderer dei at det strategiske planprogrammet er eit god grunnlag for planar etter PBL. Planarbeidet er ikkje juridisk bindande, og det er viktig at programmet er på høyring slik at det vert kjent for dei ulike instansar og parter som det kan ha verknad for ved seinare høve. Det strategiske planprogrammet er truleg fyrst og fremst eit verktøy internt i kommunen for tverrsektorielt arbeid. Det er likevel viktig å ha dialog med høyringsinstansane undervegs. Oslo kommune har nytta ulike strategiska planprogram som VPOR (veiledende program for offentlege rom) og erfaringane derfrå har ikkje vore utan konflikt. Kritiske merknader kan komme i høyringa.

Plandokumenta

HFK - Planprogrammet skil seg frå andre plandokument i form og innhald. Det er difor særleg viktig å kommunisere på ein tydeleg måte kva funksjon og verknad det har. Til dømes er det ein utfordring at kartet kan lesast som ei rettighet lik eit plankart etter PBL. Dette vil vere ei særleg utfordring i møte med private utbyggjarar som ønskjer å realisere sin eigedom i «samsvar» med det strategiske plankartet. Tidsaspektet og dei ulike byggetrinna vil også vere særleg viktig å kommunisere tydeleg for ikkje å skape forhåpningar om tiltak som ikkje kan realiserast før om lang tid og med stor usikkerheit.

Avslutning

Bergen kommune har levert eit spennande planarbeid som syner ei brei og modig satsing for den vidare utviklinga på Laksevåg. Planprogrammet reiser fleire viktige spørsmål og langt meir kunne vore drøfta og diskutert. Dei ulike instansane vil kome med vidar utdjuing og merknader innanfor sine sektoransvar i fråsegn til høyringa.

Partane i planforum ynskjer å vere med i det vidarearbeidet. Vi ønsker lykke til.